



Margunn Kristine Bjørnestad  
Mongsedalen 38  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4358 - 23/43834

Saksbehandlar:  
Lene Helgesen  
lene.helgesen@alver.kommune.no

Dato:  
06.06.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 357/97 Sætre**

Tiltak: naust  
Byggjestad: Gbnr: 357/97  
Tiltakshavar: Margunn Kristine Bjørnestad  
Ansvarleg søkjar: Frekhaug Bolig As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.05.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:


#### **1. Tiltakshavar sine privatrettslege rettar**

Kommunen kan ikkje sjå at tiltakshavar har naudsynpte rettar. Du må sende inn dokumentasjon som viser at tiltakshavar har dei nødvendige privatrettslege rettane til å gjennomføre tiltaket. I svarbrev på nabomerknad skriv tiltakshavar at det er planlagt tilkomst via sti som over Gbnr 357/1. Det følger av pbl § 27-4 at eiendommen må vere «sikret lovlig atkomst». Før kommunen kan handsame søknaden, må det sendast inn tinglyst dokument eller anna dokument som syner at vegforbindelse er sikra. Avtale om bruksrett til gangveg er tilstrekkeleg. Situasjonskartet syner heller ikkje planlagt gang åtkomst til inngangen. Dette må teiknast inn på situasjonskartet.

#### **2. Snitteikningar**

Ber om at tiltakshavar oversender profildeikning som viser naturinngrep på tvers som vist på

bildet.



### 3. Areal for parkering manglar

Situasjonskartet syner ikkje planlagt areal for parkering. Dette må teiknast inn på situasjonskartet. Kommuneplan for Meland fastsett i punkt 1.6.9 at Naust med eiga brukseining skal ha minst ein parkeringsplass. Denne skal også vere sikra via ein tinglyst avtale.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### GENERELL INFORMASJON

#### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Lene Helgesen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Frekhaug Bolig As  
Margunn Kristine Bjørnestad  
Raymond Hopland

Roslandsvegen 368  
Mongsedalen 38  
Mongsedalen 38

5918 FREKHAUG  
5918 FREKHAUG  
5918 FREKHAUG